

Overfallet på MÆRE 1021

Det historiske bakteppet for tusenårsmarkeringa



FORTELJINGA OM MÆRE 2021

I 2021 er det tusen år sidan overfallet på Mære. Olav Haraldssons brutale oppgjjer med norrøn religion og regional høvdingmakt i 1021, har blitt ståande som eit av merkeåra for kristninga av Noreg og for etableringa av det norske riket. Samtidig vart drapet på den mektige Olve på Egge ein sentral del av opptakta til slaget på Stiklestad.

Hendinga i 1021 starta da **Olav Haraldsson fekk høyre at Olve på Egge, høvdingane sin leiar i Trøndelag, stelte i stand til blot på Mære** ved vårjamdøgn. Blot var ein norrøn skikk som Olav ikkje ville tillate i det kristne kongedøme sitt. At Olve likevel følgde den gamle skikken, vart sett på som eit religiøst og maktpolitisk opprør med ein tydeleg budskap: dei trønderske høvdingane let seg ikkje diktere av kongen. For kongen vart blotet ei anledning til å ta eit symboltungt oppgjjer med dei som motsette seg styre hans på eit av dei viktigaste religiøse sentra i Trøndelag. **Olav sat på Lade og fekk samla fleire skip for å legg til innover fjorden. Da kongshæren kom til Mære, vart bøndene overrumpla medan dei sov. Olve vart tatt av dage, og kongen befalte bøndene å bygge kyrkje på staden. Frå no av skulle alt folket i Trøndelag vere døypt og kristna. Sjølv om kongens siger var stor, skulle den vise seg å vera dyrkjøpt: ut av blotet på Mære i 1021 vaks ein motstand som vart avgjerande for Olavs fall i 1030.**


Mære har vore eit **maktsenter** i over 1000 år. Sjølv om den sikre kunnskapen er liten, syner både arkeologiske utgravingar og historiske kjelder at **her har folk vore samla til religiøse ritual lenge før hendingane i 1021**. Med bygginga av kyrkje skulle denne tradisjonen fortsette, heilt fram til vår eiga tid. **Jubileet i 2021 vart difor ei unik sjanse til å dykke ned i ein meir enn tusenårig tradisjon knytt til store spørsmål om makt og symbol, religion og tru, kulturelle endringar og identitet, og i forlenginga av det: dei mange forteljingane i samfunnet.**

Fram mot slaget på Stiklestad

- 1021: Olve på Egge blir drept av kong Olav Haraldsson på Mære
- 1027: Olav drep sønene til Olve: Tore og Grjortgard, medan fosterfar Kalv Arnesson ser på
- Den trønderske motstandsretten i Frostatingslova
- Kalv har ei søster, Ragnhild, som er gift med Hårek frå Tjøtta
- Sigrid, kona til Kalv og enka til Olve, er søster til Tore Hund



Olav den Helliges fall på Stiklestad. Peter Nicolai Arbo 1859





MÆRE

To inngangar til historia



- Arkeologiske (1966-67)
- Historiske (Snorre)



Forsking

Boka «Mære 1021-2021»

- Sju forskarar frå seks ulike institusjonar i Trøndelag
- Landskapet, religion, dei arkeologiske undersøkingane på 1960-talet, bygging av mellomalderkyrkja, kalk og resturering, inventar, krusifiks, korstoler og bjelkehovud og bruken av Mære som symbolstad under 2. verdskrig



Formidling

- Mæreseminaret
 - Vrimleseminar, 3 foredrag, bokbad
- DKS: identitet, kildeforståelse og tolkning
 - 1. trinn: Vikingan på Mære
 - 7. trinn: Mære i 1000 år
- Skilting av 6 toppturar i Sparbu
- Guiding i kyrkja heile året
- Kronikker i aviser



Kyrkjeprogram

- Jubileumsklar kyrkje
- Salmekveld
- Kyrkja som arena for formidling
- Høgtidsmesse 21. november



Arrangement: Heile kommunen skal med!

- Biblioteket
- Snorre minutt for minutt
- Steinkjerfestivalen
- Egge museum
 - Olavsflammen
 - Utstilling
- Olsok-programmet til SNK
 - I bondehærens fotspor
 - Digitalt samtaleprogram



MÆRE 2021

EIN DEL AV

NASJONALJUBILEET

NOREG
I TUSEN ÅR

Jubileumshelga 18.-19 september 2021

- Åpen dag på Mære landbruksskole
- Historisk mattradisjon
- Lag og foreiningar
- Teater: «Olavs illdsgjerning på Mære»
- Omvisning i kyrkja
- Gudsteneste

Organisering og finansiering

Jubileumskomite:

- Leder: Kultursjef Steinkjer kommune
- Sparbu historielag
- Mære sokneråd
- Kirkelig fellesråd
- Hovedutvalg for oppvekst og kultur i kommunen
- SNK

Finansiering

- Steinkjer kommune 200 000
- Trøndelag fylkeskommune 100 000
- Større tiltak (bok, open dag Mære og liknande) egen finansiering
- Eigeninnsats og dugnad